

STYREPROTOKOLL

Tysdag **11. februar 2014** heldt styret for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS styremøte. Møtet blei leia av styreleiar Arne Gjerde.

MØTESTAD:	Tysvær Rådhus, Berit Bjelland-rommet
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 15.00 – 16.15
AV MEDLEMMENE MØTTE:	Arne Gjerde (styreleiar) og Torleif Lothe (nestleiar) og Norunn Byrknes (styremedlem)
FORFALL:	Ingen
FRÅ SELSKAPET MØTTE:	Dagleg leiar Toril Hallsjø
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
INNKALLING:	Godkjent
SAKLISTE:	Godkjent

Følgjande saker blei handsama:

SAK 1/14 – GODKJENNING AV PROTOKOLL 03.12.13

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:
Protokoll frå styremøte 03.12.13 blir godkjent.

Styrehandsaming 11.02.14:

Utvalsleiar gjorde merksam på møtedatoane i sak 23/13 ikkje var rett i vedtaket. Dei rette er dei som står i forslag til vedtak. Sekretæren rettar opp feilen.

Samrøystes vedtak 11.02.14:

Protokoll frå styremøte 03.12.14 blir godkjent med følgjande korrigeringar i sak 23/13: møteplan for 2014: 11.02, 08.04, 09.09 og 18.11.

SAK 2/14 – REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 11.02.14

1. Styreinstruks – vedtatt av styret i møte 03.12.13
2. Møteplan 2014 for sekretariatet
3. Foretaksinformasjon – behov for kjøp av eget dataverktøy
4. Oversendelse fra Haugesund kontrollutvalg – ros til utvalgssekretærens arbeid

Styrehandsaming 11.02.14:

Styret var nøgd med utarbeida instruks og møteplan. Nestleiar meinte selskapet kunne ha nytte av tilgang til meir utvida føretaksinformasjon. Dagleg leiar meinte kostnadene måtte sjåast i samanheng med nytta. Ho viste til at offentlege instansar kan få utvida tilgang gratis ved søknad til Brønnøysundregistrene. Styret ønska dette som eige sak til neste møte. Styret merka seg oversendinga og vil ta det med i dei neste lønsforhandlingane.

Samrøystes vedtak 11.02.14:

*Styret tar referatsakene 1- 4 blir tatt til orientering.
Til neste møte ønsker styret ei sak om utvida innsyn i føretak.*

SAK 3/14 – STATUSOVERSIKT PR. FEBRUAR 2014

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:

Statusoversikt pr. februar 2014 blir tatt til orientering.

Styrehandsaming 11.02.14:

Dagleg leiar informerte om status om arbeidssituasjon, økonomi og planer. Detaljbudsjett for 2014 vil bli lagt fram i rekneskapsoversyn pr. 30.03.14 i neste møte.

Samrøystes vedtak 11.02.14:

Statusoversikt pr. februar 2014 blir tatt til orientering.

SAK 4/14 – ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2013

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:

Årsrekneskapen og årsmeldinga for 2013 vert godkjent førebels slik det ligg føre med eit positivt årsresultat på kr 7093. Årets overskot vert lagt til opptent eigenkapital.

Styrehandsaming 11.02.14:

Dagleg leiar orienterte om detaljar i rekneskapen og om årsmeldinga. Styret var nøgd med resultatet. Årsmeldinga og rekneskapen blei underskrivne.

Samrøystes vedtak 11.02.14:

Årsrekneskapen og årsmeldinga for 2013 vert godkjent førebels slik det ligg føre med eit positivt årsresultat på kr 7093. Årets overskot vert lagt til opptent eigenkapital.

**SAK 5/14 – OVERORDNA STRATEGIPLAN FOR HKS IKS –
FRAMLEGG TIL STRATEGIPLAN**

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak og innstilling:

Styret sluttar seg til dagleg leiar sitt framlegg til overordna mål og andre mål basert på sak 22/13.

Overordna strategiplan 2014-2018 for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godkjent.

Styrehandsaming 11.02.14:

Styret gjekk gjennom framlegget, som var korrigert etter førre møte. Delmål og arbeidsmål ville styret komme tilbake til når strategiplanen var vedteken av representantskapet.

Styret si samrøystes vedtak 11.02.14:

Styret sluttar seg til dagleg leiar sitt framlegg til overordna mål og andre mål basert på sak 22/13.

og innstilling til representantskapet:

Overordna strategiplan 2014-2018 for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godkjent.

EVENTUELT

Ingen saker meldt.

Neste møte

I følge vedtatt møteplan er neste styremøte sett til **tysdag 8. april kl. 16.00.**

Aksdal, 11. februar 2014

Arne Gjerde
Styreleiar

Toril Hallsjø
Dagleg leiar